

VR-meldingsak 5/12

Seminar for Vestlandsrådet i samband med arrangementet "Open Days" i Brussel, oktober 2012

I oppfølging av sak 7/12 frå Vestlandsrådet sitt møte 17. februar 2012 følgjer nedanfor eit forslag til struktur og tema for eit seminar for Vestlandsrådet i samband med arrangementet "Open Days" som finn stad i Brussel 8.-11. oktober 2012.

Struktur

Søndag 7. oktober

- Framkomst Brussel
- Uformell samling i Brussel sentrum om kvelden for dei som rekk det

Måndag 8. oktober

- Seminar på Norway House kl 09.00-14.00
- *Opening session* i Europaparlamentet 15.00-17.30
- Middag for Vestlandsrådet sine deltakarar om kvelden



**10th European Week of
Regions and Cities**
Brussels 8 - 11 October 2012

Tysdag 9. oktober

- Eit utval av Open Days workshops,
Deltakarane kan t.d. velje mellom 2-3 ulike "pakker"
I 2011 var det lagt opp til 3 sett av workshops per dag: 09.00-10.45, 11.15-13.00 og 14.30-17.00
- Middag med dei andre deltakarane frå Vestlandet om kvelden (organisert av Vest-Norges Brusselkontor)

Onsdag 10. oktober

- Fleire workshops for dei som har muligheit til å være i Brussel onsdagen også.

Retur avhenger av kor lenge dei einskilde deltakarane har høve til å vere; tysdag morgon, tysdag kveld, onsdag morgon, onsdag ettermiddag.....

Mulige tema

Introduksjonsseminar på Norway House, måndag 8. oktober

Seminalet blir lagt opp som ein kombinasjon av introduksjon til korleis EU fungerer og dagsaktuelle tema – med fokus på sistnemnte

Mulige tema kan være:

- Korleis jobbar den norske EU-delegasjonen, Brusselkontora og andre interessekontor?
- Korleis kan Vestlandet påverke europeiske prosessar gjennom medlemskap i internasjonale organisasjonar? Innleiing frå organisasjonen CPMR
- Kva for effekt har finanskrisa på dei europeiske prosessane
- Samferdsel

- Miljø
- Energi – med mulige undertema som fornybar energi
- Reiseliv

Seminar tysdag 9. oktober (og evt. onsdag 10. oktober)

Tema for Open Days 2012 er "*Europe's regions and cities: Making a difference*",

Undertema er:

- Smart og grønn vekst for alle
- Samarbeid mellom regionar – eit fortrinn for Europa
- Resultatoppgåing

Seminara tysdag 9. oktober til torsdag 11. oktober vil være knytt til denne tematikken.

Under Open Days blir det vanlegvis tilbydt meir enn 130 ulike seminar, enten i regi av Europakommisjonen sjølv eller av grupperingar av dei over 200 deltakarregionane.

For å gjere det enklare å velje vil sekretariatet i Vestlandsrådet presentere **2-3 "pakker" av seminar** innan tema som er relevante for Vestlandet for deltakarane frå Vestlandsrådet.

Programmet blir offentleggjort i begynninga av juli. Sidan nokre av arrangementa (og da særleg *opening session*) har strenge tilgangsavgreinsingar ber vi om tilbakemelding på kven som skal delta **innan 1. juli 2012**.